

Minneord etter Kjell Bjørsvik



Kjell Bjørsvik, Osterøy, er død 72 år gammel. Bjørsvik er eit kjent namn både i indremisjonskrinsar og

langt utover. Han var i unge år lærar ved Nordhordland folkehøgskule. Derifrå vart det naturleg å henta han inn til stillinga som landsungdomssekretær. I vanskelege sjukdomstider for dåverande generalsekretær, vart han også tiltrudd oppgåva som konstituert generalsekretær i 1972-73. Så vart han henta til Sunnmøre som rektor ved Borgund folkehøgskule. I åtte år frå 1978 til 1986 var han medlem av forbundsstyret, sju av desse som formann.

Lekmann, leiar og friskulemann er tre naturlege stikkord om Kjell Bjørsvik. Han var lekmann med stor L. Klart og djervt hevda han lekmannslina og lekmannsarven i kyrkje og folk.

Leiaren var han på ein klar og overtydande måte også som forbundsstyreformann. Han leia også ei tid styret for Bibelskulen. Mange kjende seg glade og trygge på hans leiarskap. Det store samfunnsengasjementet fekk også utslag i politisk verksemd og sentrale verv. Friskulemannen har også mange sett stor pris på. Han la ned stor arbeidskraft på Borgund. Seinare bygde han opp Danielsen ungdomsskule i Bergen. Ein sjukdomsperiode gav han ny røynsle til hjelp for menneske som har tungt å bera, og den profilerte leiaren auste no ut av sitt varme forråd. Bjørsvik fekk avslutte sitt yrkesaktive liv som koordinator og administrativ leiar ved Danielsen skoler i Bergen. Frå denne posisjonen var han til støtte og hjelp for mange skuleprosjekt. Han var i mange år både indremisjonen og kristenfolket på Vestlandet sin aller viktigaste friskule-rådgjevar.

Kjell Bjørsvik vart i unge år gift med Annemor. Saman bygde dei

ein varm og god heim for seg sjølve og dei fem borna. Tungt var det for familien då Annemor døydde. Etter nokre år fann han kjærleiken og støtta i Inger f. Roseland. Dei fekk tre år saman. Kjell Bjørsvik sleit også med helsa si dei siste åra, og no i romjula sovna han inn. Sterkt er det å høyre om hans frimodige vitnesbyrd om sin Herre og Frelsar like til det siste, og i den vanskelege tida fekk han og vere mange til hjelp.

Med Kjell Bjørsvik sin bortgang har kristenfolket på Vestlandet mista ein av sine store og respekterte leiarar. Våre tankar går til hans næraste familie, og spesielt kona Inger som så altfor tidleg mista sin kjære ektemake. Vi takkar Gud for det Kjell Bjørsvik fekk bety for så mange menneske, og lyser Guds fred over hans gode minne.

Erik Furnes

Karl Johan Hallaråker

Ole Abel Sveen